

# Møtereferat

## Administrativ styringsgruppe

<b>Møtedato:</b> 22.02.2019	<b>Møtestad:</b> Møterom Haukedalen, Førde rådhus
-----------------------------	---

Møtt	Ikkje møtt
Ole John Østenstad Atle Fasteland Stian Jakobsen Ellen Jensen Marit Solheim Torill Anita Segtnan Elin Enebakk Lise Mari Haugen Veronika Jamaris Huus Øyvind Bang-Olsen (Gjekk etter sak 3) Malin Moldestad  Kirstin Bruland Trond Ueland Helge Sæterdal Jan Birger Moe	Øystein Høyvik Kurt Even Andersen

<b>Møteleiar:</b> Ole John Østenstad	<b>Møtereferent:</b> Malin Moldestad
--------------------------------------	--------------------------------------

Sak nr.	Sakstittel, omtale og konklusjon	Ansvar	Frist
1	<b>Gjennomgang og godkjenning av referatet frå møte 08.02.19</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomgått og godkjent</li> </ul>		
2	<b>Utsette saker frå møte 25.01.19</b> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Oppretting av arbeidsgruppe               <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Turnusplanleggar og vikarpool v/Kirstin Bruland                   <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Administrativ styringsgruppe gjev klarsignal for å opprette arbeidsgruppa, Kirstin Bruland lagar eit forslag til medlemmer</li> <li>▪ HTV kjem med forslag til tillitsvald</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>	KB  HTV	

	<ul style="list-style-type: none"> <li>○ Koordinerende eining v/Kirstin Bruland <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Administrativ styringsgruppe gjev klarsignal for å opprette arbeidsgruppa, Kirstin Bruland lagar eit forslag til medlemmer</li> <li>▪ HTV kjem med forslag til tillitsvald</li> <li>▪ Viktig at denne gruppa koordinerer arbeidet med prosjektgruppa som arbeider med BTI-samarbeid</li> </ul> </li> <li>○ Organisering av merkantile tenester knytt til eigedomsgebyr/-avgifter v/Ole John Østenstad <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Administrativ styringsgruppe gjev klarsignal for å opprette arbeidsgruppa, Ole John Østenstad lagar eit forslag til medlemmer</li> <li>▪ HTV kjem med forslag til tillitsvald</li> <li>▪ Det kan vere behov for ei referansegruppe med rekneskap, bygg, teknisk, feiing</li> </ul> </li> <li>● Samling reinhald v/Øyvind Bang-Olsen <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det vert arrangert ein fagdag for alle tilsette i reinhald</li> </ul> </li> <li>● Innkjøpssamarbeid v/Ole John Østenstad <ul style="list-style-type: none"> <li>○ KS har gjeve Florø eit oppdrag om å greie ut om innkjøpssamarbeid <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Skal opprette eit prosjekt, der m.a. to rådmenn frå Sunnfjord skal vere med i gruppa</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>	KB HTV  OJØ HTV	
3	<p><b>Diverse frå personalområdet v/Jan Birger Moe</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>● Ev. generell informasjon frå personalnettverket <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Omstillingsutvalet har møte 26.02.19 <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ 9 tilsette er kartlagd</li> </ul> </li> <li>○ Gjennomgang av status for tilsetjing av kommunalsjefar <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Kultur: 14 søkjarar – 3 til intervju</li> <li>▪ Skule: 9 søkjarar – 6 til intervju</li> <li>▪ Barnehage: 8 søkjarar – 5 til intervju</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>● Påminning om fristar <ul style="list-style-type: none"> <li>○ 01.03.19: Frist for framlegg til endeleg organisering av einingane</li> <li>○ 08.03.19: Drøfte og vedta organisering av einingane</li> <li>○ 22.03.19: Drøfte og vedta innplassering av tilsette</li> <li>○ 01.06.19: Frist for tilbakemelding om innplassering</li> </ul> </li> <li>● Framlegg til endeleg organisering av einingane <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Viktig at det blir svara på dei skjema og spørsmåla som er sendt ut så nøyaktig som mogleg, og ikkje noko anna</li> <li>○ Framlegget skal vere i samsvar med vedtekne retningslinjer for t.d. oppretting av leiarnivå 4 <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det kan vere ein kombinasjon av stabs-/linjeorganisering innanfor sektorane, men kvar eining må ha eit organisasjonskart</li> </ul> </li> <li>○ <b>NB:</b> Skulane må hugse SFO/SFO-leiar – leiar på nivå 4</li> </ul> </li> <li>● Utvalsområde og –kriterium <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utvalskriterium <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ikkje gjort endringar i forslaget sidan førre møte</li> <li>▪ Først vurdere om nokon har nøkkelkompetanse og deretter vert anna kompetanse nytta som</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>		

	<p>utvalskriterium (formell utdanning, relevant yrkeserfaring, samt personlege eigenskapar)</p> <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Om det er slik at arbeidstakarane står lik når kompetansen er vurdert, så skal tenesteansienniteten vere avgjerande</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Utvalsområde <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Alle noverande einingar i alle dei fire sektorane Helse/sosial, Omsorg, Kultur og idrett, og Teknisk og miljø vert omfatta av det same utvalsområdet</li> <li>▪ Unntak for vurdering av innplassering/tilsetjing er tilsette på leiarnivå 4, der tilrår personalnettverket spesiell handtering for ulike situasjonar</li> <li>▪ Tilsette som tidlegare har vore einingsleiar og fagleiar/tilsvarande og som ikkje vert innplassert/tilsett som leiar på nivå 4 vert innplassert i ordinære stillingar i kap. 4 ev. kap. 5 i samsvar med utdanninga si. Dei beheld løna si som ei personleg ordning</li> </ul> </li> <li>○ Utvalsområde og –kriterium vert drøfta og vedteke i møte seinare i dag</li> </ul> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Særskilde stillingar/tilsette med særskilde oppgåver <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Gjeld tilsette som er innplassert i ein stillingskode og stillingstittel kor oppgåvene som skal utførast er vesentleg meir krevjande og omfattande enn det som normalt ligg til denne type stillingstittel/-kode <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Det kan enten vere av fagleg karakter (fagkoordinator) eller driftsmessig karakter (driftskoordinator)</li> <li>▪ Dette handlar ikkje om fordeling av oppgåver internt i eininga</li> </ul> </li> <li>○ Personalnettverket tilrår at tilsette med særskilde stillingar vert innplassert i sentral stillingskode etter grunnstilling, basert på utdanning og ansiennitet. Deretter innplassert i stillingstittel «fagkoordinator» eller «driftkoordinator» med lokal stillingskode</li> <li>○ Personalnettverket har laga eit forslag til spesiell handtering av innplassering/tilsetjing av desse i ulike situasjonar</li> <li>○ Personalnettverket held fram arbeidet med særskilde stillingar, dette er ikkje avklart</li> </ul> </li> <li>• Arbeidsstad <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Personalnettverket har ikkje gjort endringar i forslaget sidan førre møte – dette er regulert av arbeidsmiljølova så det er vanskeleg å gjere tilpassingar i arbeidsavtalen</li> <li>○ Vi må skilje mellom fast oppmøtestad og kva som skjer etter oppmøte</li> <li>○ Personalnettverket tek synspunkt og drøftinga i møtet vidare i arbeidet</li> </ul> </li> </ul>		
--	--	--	--

	<ul style="list-style-type: none"> <li>• Ferie/avspasering <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Er det mest høveleg å ta ut ferie/avspasering før 01.01.2020, eller at det er mogleg å overføre til neste år? <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Alle startar i ein ny kommune og det bør vere like reglar for alle</li> </ul> </li> <li>○ Konklusjon: all ferie og avspasering skal avviklast før 01.01.2020. Tilsette som har meir enn 6 veker ferie i 2019 kan overføre inntil 1 veke til 2020, ev. kan 4 feriedagar utbetalast etter avtale</li> </ul> </li> <li>• Tidsplan for intervju ved tilsetjing av einingsleiarar <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Trond Ueland og Øyvind Bang-Olsen må føre inn detaljar i tidsplanen knytt til sine område</li> </ul> </li> </ul>	TU, ØBO	
4	<p><b>Bruk av kommunehusa v/Ellen Jensen</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Gjennomført kartlegging av kommunehusa <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Generelt gode lokale, men litt meir utfordrande i Naustdal</li> <li>○ Kapasiteten på Førde rådhus er òg krevjande</li> <li>○ Det vert lys i alle kommunehusa frå 01.01.20</li> </ul> </li> <li>• Gjennomført møte med eksterne leigetakarar <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Leigeavtalane skal følgjast</li> </ul> </li> <li>• Gjennomført møte med nokre utleigarar rundt rådhuset i Førde <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Nokon må flytte frå rådhuset, vurderer moglege lokale i nærleiken</li> </ul> </li> <li>• Gjennomført idèdugnadsmøte med tenesteleiarar ved Førde rådhus – utfordra på betre utnytting av plass</li> <li>• Prosjektleiaren har blitt utfordra på kven som må vere på rådhuset</li> </ul>		
5	<p><b>Vakansar</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Reaksjon på utlysing av assisterande rektor i Naustdal <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det er viktig å koordinere og drøfte handtering av vakante stillingar i dette forum</li> </ul> </li> </ul>		
6	<p><b>PSU og fellesnemnda 13.03.19 – avklare saker v/Ole John Østenstad</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• PSU <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Orienteringssaker <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ingen saker</li> </ul> </li> <li>○ Ordinære saker <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Ingen saker</li> </ul> </li> </ul> </li> <li>• Fellesnemnda <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Orienteringssaker <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Status i arbeidet v/Ole John Østenstad</li> <li>▪ Lokaldemokratiundersøking v/Victor Ebbesvik</li> <li>▪ Planarbeid knytt til eigedom og eigedomsforvaltning</li> <li>▪ Skyggebudsjett 2019/ skyggeøkonomiplan 2019 – 2022 v/økonominettverket</li> </ul> </li> <li>○ Ordinære saker <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Politisk referansegruppe i høve plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv</li> <li>▪ Årsmelding/-rapport og –rekneskap</li> <li>▪ Reglement/vedtekter barnehage</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>		

7	<p><b>Eventuelt</b></p> <ul style="list-style-type: none"> <li>• Referat frå møte om tverrfagleg tilsynsfunksjon <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Det vert utarbeida eit notat med fordelar/ulemper ved etablering av ein tverrfagleg tilsynsfunksjon, frist 25.02.19, notatet vil svare på om arbeidet skal halde fram</li> </ul> </li> <li>• <a href="#">Midlar knytt til fornying og innovasjon – søknadsfrist 1. mars 2019</a> <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Øystein Høyvik ser på dette, innspel til søknad må snarast meldast inn til han</li> </ul> </li> <li>• Gjennomgang og utsjekk av dagsorden møte med HTV og HVO 27.02.19 <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Dagsorden ok</li> </ul> </li> <li>• Nedbemanning i Jølster kommune v/Ellen Jensen <ul style="list-style-type: none"> <li>○ Orienterer om vedtak i Jølster formannskap 14.02.19 om nedbemanning av 10 stillingar, saka skal i kommunestyret 28.02.19</li> <li>○ Dette vil få konsekvensar for utsending av arbeidsavtaler til tilsette i Jølster kommune sidan det ikkje er avklart kven som vert råka <ul style="list-style-type: none"> <li>▪ Jan Birger Moe følgjer opp og ser på handtering av dette</li> </ul> </li> </ul> </li> </ul>	ØH	JBM
---	--	----	-----

*Eventuelle merknader til referatet må sendast til referenten innan 10 dagar etter utsending.*